

NINA

Trondheim

Rauland, 13. januar 2014

### **Reetablering av fjellrev på Hardangervidda.**

Me er kjende med tiltaket gjennom kopi av brev stila til diverse grunneigarar som er tiltenkte å få konkrete tiltak på sin eigedom. Me kjenner òg til at samtykke er gjeve. Det er likevel grunn til å reise nokre spørsmål kring tiltaket, i seg sjølv, og ikkje minst saksgangen.

Som alle veit, er det lite rjupe på Hardangervidda. Mærakken et ikkje berre pellets og lemen - ein og annan rjupekjuklingen vil nok òg yte sitt (alt) til denne reetableringa. Kor ynskjeleg er det då med slik auka biologisk rikdom? Det kan det finnast ulike synsmåtar på. Likeeins veit ein ikkje fullvisst grunnen til at fjellreven blei burte - er det manglande lemenår, konkurranse med raudrev, eller beintfram predasjon ved ørn? Noko betre kunnskap burde finnast om årsakene før ein sette i gang eit reetableringstiltak.

Me oppfattar stoda slik at dette er eit tiltak som vil bli gjennomført, kva ein så måtte meine på grunneigarsida. Det er likevel grunn til å spørje:

- kven har teke avgjerd om dette tiltaket, og når?
- kor lenge vil det vara?
- kva vil det koste?
- kva er utsiktene til at det vil lukkast?
- kvifor har ein ikkje involvert grunneigarane i forkant - ynskjer me fjellreven attende?

Endeleg vil me peike på at tiltaket vil medføre motorisert ferdsle av eit visst omfang. Kan hende gjer ikkje den nokon skade i seg sjølv, men på brukarsida opplever me kritikk og restriksjonar i høve til slik aktivitet - aktivitet som må til for å utnytte eigedomane. Då blir det eit paradoks at ein opnar for anna motorisert ferdsle der det kan reisast spørsmål ved nytteverdien.

Me er kjende med at både Statskog og Rauland Fjellstyre har sett som vilkår at det praktiske arbeidet blir utført av Hardangervidda Fjelloppsyn og ikkje SNO. Dette er me samde i.

Informasjon og drøfting i etterkant er betre enn ikkje i det heile. Me er kjende med at NINA har sagt ja til å informere om tiltaket på det årlege møtet for villreinforvaltinga, det vil seia på Skinnarbu laurdag 29. mars. Me bed om at ein då tek opp problemstillingane nemnde over.

Helsing

Johan Vaa (sign)

leiar, Hardangervidda Grunneigarsamskipnad

Kopi til Villreinnemnda, Villreinutvalet, Fjellstyra på Hardangervidda, Miljødirektoratet